



Vår ref.: 2007/804

Dykkar ref: 200503924-
/AM

Arkivnr.: 008

Vår dato: 09.02.2007

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 Oslo

Arbeids- og inkluderingsdepartementet	
Saksnr.: 200503924	Dokumentnr.: 98
Arkivkode: 416.0	Dato: 13.02.07
Avg.: VPA/SES	
Utt.: 	

Høyring - Forskrift om løysing av tvistar mellom Arbeids- og velferdsetaten og kommunane etter arbeids- og velferdsforvaltningslova

Fylkesmannen viser til brev av 09.01.07 med forslag til forskrift om løysing av tvistar i samband med etablering av NAV-kontor i kommunane.

I forslaget er mellom anna Fylkesmannen tiltenkt ei rolle som meklar mellom Arbeids- og velferdsetaten og den enkelte kommune i tilfelle partane ikkje blir samde om etablering eller drift av kontoret. I tilfelle meklinga heller ikkje når fram skal tvisten avgjerast av ei sentral partssamansett tvisteløysingsnemnd.

Forskriftsforslaget gir Fylkesmannen fullmakt til ikkje berre å mekle, men også å gjere framlegg om korleis tvisten kan løysast.

Fylkesmannen opplever entusiasme og positiv vilje både hos Arbeids- og velferdsetaten og i kommunane til å komme fram til gode løysingar for dei nye NAV-kontora. Vi trur derfor ikkje arbeidet med tvisteløysing blir særleg omfattande eller tyngande. Vi er likevel samde i at det må ligge klar eit apparat og ein modell for effektiv løysing av slike tvistar. Vi kan sjå for oss tvistar om til dømes talet på kontor i større kommunar, bemanning og liknande, der økonomiske motiv kan vege tungt for partane.

Fylkesmannen har ansvar for samordning av statleg verksemd i fylket, har god kjennskap til kommunane når det gjeld mellom anna økonomi og organisering, har god kontakt med partane i NAV-arbeidet i fylket og har relativt god kjennskap til bakgrunn og målsetjingar med NAV- reforma. Dessutan har Fylkesmannen erfaring frå meklingsordningar på andre fagfelt, til dømes tvistar mellom kommunar og statlege eller regionale styresmakter når det gjeld arealplanlegging etter plan- og bygningslova. Med bakgrunn i dette burde Fylkesmannen vere godt skikka og til å mekle mellom NAV-partane, og til eventuelt å finne løysingar. For å gjere det mogleg å finne fram til gode løysingar, er det viktig at fylkesmannen si meklingsramme er relativt vid og fleksibel, slik at diskusjon om avgrensingar ikkje blir hovudtema under meklinga.

Fylkesmannen har god tru på at det er mogleg å komme fram til meklingsresultat som gjer vidare tvisteløysing unødvendig. Fylkesmannen er likevel samd i at det er behov for eit tvisteløysingsorgan som kan avgjere tvisten. Vi har såleis ikkje merknader til ei tvisteløysingsnemnd som foreslått.


Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59	Lagårdsv. 78	51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
4001 Stavanger	Stavanger	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
		51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

Fylkesmannen har likevel vanskar med å sjå poenget med at Fylkesmannen sitt eventuelle framlegg til løysing ikkje skal kunne bli lagt fram for nemnda, dersom nemnda ønskjer det. Tvert imot må det vere ein fordel. Det vil uansett bli vanskeleg å halde framlegget skjult for nemnda, i alle høve dersom ein av partane finn framlegget akseptabelt.

Vi ser elles at nemnda, rimelegvis, skal få dekkja kostnadene med tvisteløysingsarbeidet, men ikkje tilsvarende for Fylkesmannen. Det er, som nemnt ovanfor, vanskeleg å anslå kor omfattande meklingsfunksjonen vil bli, og kva ressursar som vil gå med. Kostnadene vil neppe bli store. Dette er likevel ei ny oppgåve for fylkesmannen, og prinsippet om at nye oppgåver skal kompenseras med friske midlar, bør gjelde også her.

Med helsing


Tora Aasland


Harald Thune
ass. fylkesmann

Kopi: Fornyings- og administrasjonsdepartementet
Fylkesmennene